

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 1916/2000

2002/EØS/12/02

av 8. september 2000

om gjennomføring av rådsforordning (EF) nr. 530/1999 om statistikk over strukturen i lønn og arbeidskraftkostnader med omsyn til definisjon og oversending av opplysninger om lønsstrukturen(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EF) nr. 530/1999 av 9. mars 1999 om statistikk over strukturen i lønn og arbeidskraftkostnader⁽¹⁾, særleg artikkel 11, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I medhald av artikkel 11 i forordning (EF) nr. 530/1999 er det naudsynt med gjennomføringsreglar når det gjeld definisjonen og inndelinga av dei opplysningane som skal gjevast, og det føremålstenlege tekniske formatet for oversending av resultatata.
- 2) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for det statistiske programmet, som vart oppnemnt ved rådsavgjerd 89/382/EØF, Euratom⁽²⁾ —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Definisjon og inndeling av opplysningane

I medhald av artikkel 6 i forordning (EF) nr. 530/1999 skal medlemsstatane gje opplysningar om dei variablane som er førde opp i vedlegg I til denne forordninga.

For dette føremålet er definisjonane av variablane fastsette i vedlegg II til denne forordninga.

Artikkel 2

Teknisk format for oversending av resultatata

Det føremålstenlege tekniske formatet som skal nyttast ved oversending av resultatata, er fastsett i vedlegg III til denne forordninga.

Artikkel 3

Iverksetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunnngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 8. september 2000.

For Kommisjonen

Pedro SOLBES MIRA

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunnngjord i TEF L 229 av 9.9.2000, s. 3, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 57/2001 av 18. mai 2001 om endring av vedlegg XXI til EØS-avtala (Statistikk), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 32 av 21.6.2001, s. 4.

⁽¹⁾ TEF L 63 av 12.3.1999, s. 6.

⁽²⁾ TEF L 181 av 28.6.1989, s. 47.

VEDLEGG I

LISTE OVER VARIABLER

1. **Opplýsingar om den lokale eininga som dei lønstakarane som er omfatta av utvalet, høyrer inn under**
 - 1.1. Regionen, i samsvar med nomenklaturen over regionale statistikkeiningar (NUTS).
 - 1.2. Storleiken på føretaket som den lokale eininga høyrer til.
 - 1.3. Økonomisk verksemd klassifisert i samsvar med standarden for næringsgruppering i Det europeiske fællesskapet (NACE Rev. 1), skipa ved rådsforordning (EØF) nr. 3037/90⁽¹⁾.
 - 1.4. Økonomisk og finansiell kontrollform slik det er fastsett i kommisjonsdirektiv 80/723/EØF⁽²⁾.
 - 1.5. Om det finst tariffavtaler som omfattar størsteparten av lønstakarane i observasjonseininga.
 - 1.6. Samla tal på lønstakarar i den lokale eininga (*valfritt*).
 - 1.7. Viktigaste marknaden for produkta til føretaket (*valfritt*).
 - 1.8. Storleiken på føretaksgruppa (*valfritt*).
 - 1.9. Heimstaten til den eininga som kontrollerer føretaksgruppa (*valfritt*).
2. **Opplýsingar om kvar lønstakar i utvalet**
 - 2.1. Kjønn.
 - 2.2. Alder.
 - 2.3. Yrke i samsvar med den internasjonale standarden for yrkesgruppering [ISCO-88 (COM)].
 - 2.4. Leiarstilling eller stilling med personalansvar (*valfritt*).
 - 2.5. Utdannings- og opplæringsnivå i samsvar med den internasjonale standarden for utdanningsgruppering (ISCED 97).
 - 2.6. Tenestetid i føretaket.
 - 2.7. Arbeidstidsordning (heiltids- eller deltidsarbeid).
 - 2.8. Type arbeidsavtale.
 - 2.9. Statsborgarskap (*valfritt*).
 - 2.10. Omfatta av eit offentleg sysselsetjingsfremjande tiltak (*valfritt*).
 - 2.11. Kor mange års avbrot i karrieren i det noverande føretaket (*valfritt*).
3. **Opplýsingar om løner, betalte timeverk og fráværds dagar**
 - 3.1. Samla bruttoløn for ein representativ månad.
 - 3.1.1. Løn for overtidsarbeid.
 - 3.1.2. Særlege utbetalingar for skiftarbeid.
 - 3.2. Samla brutto årsløn i referanseåret.
 - 3.2.1. Talet på veker/månader som årsløna gjeld for.
 - 3.2.2. Samla årlege tillegg.
 - 3.2.2.1. Regelfaste tillegg som ikkje vert utbetalte i kvar lønsperiode (*valfritt*).
 - 3.2.2.2. Årlege tillegg som byggjer på produktivitet (*valfritt*).
 - 3.2.2.3. Årlege tillegg i samband med deling av overskot (*valfritt*).
 - 3.3. Lovfesta trygde- og pensjonspremiar og skattar som arbeidsgjevaren betalar inn på vegner av lønstakaren (*valfritt*).
 - 3.3.1. Lovfesta trygde- og pensjonspremiar (*valfritt*).
 - 3.3.2. Skattar (*valfritt*).
 - 3.4. Talet på betalte timeverk i den representative månaden (eller i ein normalarbeidsmånad).

⁽¹⁾ TEF L 293 av 24.10.1990, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 195 av 29.7.1980, s. 35.

- 3.4.1. Talet på betalte overtidstimar i den representative månaden.
 - 3.5. Talet på fráværsdagar per år.
 - 3.5.1. Talet på fridagar per år (bortsett frå sjukefrávær).
 - 3.5.2. Talet på dagar med sjukefrávær per år (*valfritt*).
 - 3.5.2.1. Talet på dagar med sjukefrávær per år som er betalte av arbeidsgjevaren (*valfritt*).
 - 3.5.2.2. Talet på dagar med sjukefrávær per år som ikkje er betalte av arbeidsgjevaren (*valfritt*).
 - 3.5.3. Talet på dagar med opplæring per år (*valfritt*).
 - 3.6. Årleg overslag over betalingar i naturalytingar (*valfritt*).
 - 4. **Vekter**
 - 4.1. Vekt for den lokale eininga.
 - 4.2. Vekt for lønstakarane.
-

VEDLEGG II

DEFINISJON AV VARIABLANE

1. **Opplysningar om den lokale eininga som dei lønstakarane som er omfatta av utvalet, høyrer inn under**
- Utarbeidinga av statistikkar over lønsstrukturen skal byggje på lokale einingar og føretak slik dei er definerte i rådsforordning (EØF) nr. 696/93⁽¹⁾, og skal gje opplysningar om lønstakarar i føretak som har minst ti tilsette, og som er klassifiserte etter storleik og hovudverksemd. Statistikkane skal dekkje all verksemd som er definert i næringshovudområde C, D, E, F, G, H, I, J, K, M, N og O i den statistiske standarden for næringsgruppering i Dei europeiske fellesskapa (heretter kalla «NACE Rev. 1»). Verksemda i næringshovudområde M, N og O er likevel valfri for 2001/2002.
- 1.1. Regionen der den lokale eininga finst, i samsvar med nomenklaturen over regionale statistikkeiningar (NUTS), nivå 1.
- 1.2. Storleiken på føretaket som den lokale eininga høyrer til, klassifisert som eitt av følgjande: 10-49, 50-249, 250-499, 500-999, 1 000 eller fleire lønstakarar.
- 1.3. Den økonomiske verksemda til den lokale eininga, klassifisert på næringsnivå i NACE Rev. 1.
- 1.4. Økonomisk og finansiell kontrollform slik det er fastsett i direktiv 80/723/EØF:
- I direktiv 80/723/EØF om innsyn i medlemsstatenes økonomiske forbindelser med offentlige føretak er «offentleg føretak» definert som alle føretak der offentlege styresmakter direkte eller indirekte kan utøve dominerande innverknad som følgje av eigartilhøve, økonomisk deltaking eller dei reglane som gjeld for føretaket.
- Offentlege styresmakter vert rekna for å utøve ein dominerande innverknad (eller kontroll) når dei direkte eller indirekte i høve til føretaket
- eig størsteparten av den teikna kapitalen til føretaket (> 50 %), eller
 - rår over størsteparten av dei stemmene som er knytte til aksjar som føretaket har utferda, eller kan oppnemne meir enn halvparten av medlemmene i administrasjons-, leiings- eller kontrollorganet til føretaket.
- For å identifisere den eininga som har den faktiske kontrollen, kan det vere naudsynt å granske heile eigarstrukturen.
- Den typen kontroll som vert utøvd over føretaket, vert klassifisert etter følgjande kategoriar:
- offentlig kontroll,
 - privat kontroll,
 - felles kontroll.
- 1.5. Om det finst tariffavtaler som omfattar størsteparten av lønstakarane i observasjonseininga:
- Tariffavtaler kan vere
- ei avtale på nasjonalt plan eller mellom fleire fagforeiningar som omfattar arbeidstakarar i ei rekkje ulike bransjar, og som vanlegvis er inngått mellom eitt eller fleire fagforbund og ein eller fleire arbeidsgjevarorganisasjonar,
 - ei bransjeavtale som fastset arbeidsvilkåra for alle eller dei fleste arbeidstakarane innanfor ein viss bransje eller økonomisk sektor,
 - ei avtale for visse bransjar i visse regionar,
 - ei avtale som er inngått av eitt føretak eller ein arbeidsgjevar, og som berre omfattar dei arbeidstakarane som har den same arbeidsgjevaren, utan omsyn til storleiken på føretaket. Avtala kan vere utforma slik at ho berre omfattar visse lokale einingar eller grupper innanfor føretaket,
 - ei avtale som gjeld berre for arbeidstakarane i den aktuelle lokale eininga,
 - alle andre typar avtaler som ikkje er nemnde ovanfor.
- Svaret «ja» bør gjevast dersom fleire enn 50 % av lønstakarane i den lokale eininga er omfatta av ei av dei førnemnde tariffavtalene.
- I staden for å spørje om kva type tariffavtale som finst, kan dei nasjonale kontora spørje om kva slags tariffreglar som gjeld, og såleis slutte seg til kva type tariffavtale det dreier seg om.**

⁽¹⁾ TEF L 76 av 30.3.1993, s. 1.

- 1.6. Samla tal på lønstakarar i den lokale eininga (*valfritt*):
- Talet på lønstakarar bør vere i samsvar med dei opplysningane som finst i det føretaksregisteret som er skipa for statistiske føremål.
- 1.7. Viktigaste marknaden for produkta til føretaket (*valfritt*):
- Det skal samlast inn opplysningar om den viktigaste marknaden for produkta til føretaket, klassifiserte på følgjande måte:
- den lokale eller regionale marknaden,
 - den nasjonale marknaden,
 - marknaden til Den europeiske unionen,
 - verdsmarknaden.
- Føremålet er berre å slå fast kva som er den største marknaden (berre eitt svar).
- 1.8. Storleiken på føretaksgruppa (*valfritt*):
- Føretaksgruppa er ei statistisk eining slik det er definert i forordning (EØF) nr. 696/93 om statistiske einingar. Føretaksgruppa skal fastsetjast på verdsplan. I dei fleste tilfella høyrer den lokale eininga til eit føretak som ikkje er kontrollert av noka nasjonal eller utanlandsk gruppe. Når den lokale eininga høyrer til ei føretaksgruppe, er dette vanlegvis allment kjent. Som ei praktisk retningslinje kan den opplysningspliktige få spørsmål om rekneskapane til føretaket fullt ut er konsoliderte med rekneskapane til føretaksgruppa.
- 1.9. Heimstaten til den eininga som kontrollerer føretaksgruppa (*valfritt*):
- Den eininga som kontrollerer føretaksgruppa, er den juridiske eininga som utøver den faktiske kontrollen slik det er definert i nasjonalrekneskapssystemet 1993, avsnitt 4.30. Det skal opplystast om staten der denne eininga finst. I mange tilfelle er denne staten identisk med staten der den aktuelle lokale eininga finst. Som ei praktisk retningslinje er det heimstaten til den juridiske eininga som har offentleggjort dei konsoliderte rekneskapane for heile gruppa, som skal registrerast.
2. **Opplysningar om kvar lønstakar i utvalet**
- Lønstakarar er definert som alle personar som har ei direkte arbeidsavtale med føretaket eller med den lokale eininga, og som mottok vederlag, utan omsyn til kva slags arbeid som vert utført, talet på timeverk (heiltid eller deltid) og kor lenge avtala gjeld (avgrensa eller uavgrensa). Heimearbeidande personar⁽¹⁾ bør omfattast berre dersom det ligg føre ei uttrykkeleg avtale om at dei vert lønte på grunnlag av talet på timeverk som dei har utført. Lærlingar og praktikantar er omfatta.
- Følgjande kategoriar er ikkje omfatta:
- arbeidande familiemedlemmer,
 - heimearbeidande personar som er lønte på grunnlag av den vara eller tenesta som dei leverer,
 - lausarbeidarar (dvs. arbeidstakarar utan fast arbeidstid),
 - vikarar (tilsette av/gjennom vikarbyrå. Dersom byrået som tilset dei, sjølv utgjer observasjonseininga, skal dei omfattast),
 - personar som får vederlaget sitt berre i form av honorar eller provisjonar,
 - styremedlemmer i føretaket,
 - ulønte eigarar, direktørar eller leiarar (som får betaling i form av utbyte eller honorar),
 - arbeidstakararar i observasjonseininga som arbeider fast (i meir enn eitt år) i eit dotterselskap i utlandet,
 - frivillige arbeidstakarar.
- 2.1. Kjønn.
- 2.2. Alder i heile år på den fastsette datoen i den representative månaden.
- 2.3. Yrke i samsvar med den internasjonale standarden for yrkesgruppering [ISCO-88 (COM)]:
- Yrket skal klassifiserast i samsvar med ISCO-88 (COM) minst på tosfra nivå og om mogleg på tresifra nivå.
- Lærlingar og praktikantar som har ei arbeidsavtale, skal klassifiserast i den yrkeskategorien som dei gjennomfører læretida eller praktikanttida innanfor.

⁽¹⁾ Ein heimearbeidande person er ein person som samtykkjer i å arbeide for eit visst føretak eller levere ei viss mengd varer eller tenester til eit visst føretak på grunnlag av ei avtale eller ein kontrakt som er gjord med føretaket på førehand, men som ikkje har arbeidsplassen sin i dette føretaket [det europeiske nasjonal- og regionalrekneskapssystemet i Det europeiske fællesskapet (ENS 95): 11.13 bokstav g)].

Yrkeskategorien «leiarar og fagfolk» (kode P1-2) omfattar vanlegvis ei rekkje ulike oppgåver i samband med planlegging, leiding og samordning av verksemda til føretaket, medrekna interne avdelingar og kontor, ofte med hjelp frå underordna leiarar og inspektørar.

For personar som arbeider i leiarstillingar, krevst det vanlegvis omfattande kjennskap til og røynsler frå produksjonsprosessen og/eller tenestekrav og forvaltingsmessige framgangsmåtar som er viktige for at organisasjonar og føretak skal verke på ein effektiv måte.

For å kunne fastsetje yrket kan dei nasjonale kontora spørje om kva for ei avtalefesta lønsgruppe som lønstakaren høyrer til, om kva forvaltingsmessig kode stillinga har (slike kodar ligg føre i dei lokale einingane) og om lønstakarane er omfatta av ei alderspensjonsordning.

2.4. Leiarstilling eller stilling med personalansvar (*valfritt*):

Denne variabelen syner om ein lønstakar har ei form for leiarstilling (= ja) eller ikkje (= nei). Desse lønstakarane skal ikkje klassifiserast som leiarar i samsvar med klassifiseringa i ISCO-88 (COM) (hovudgruppe 1), men kan likevel ha eit leiaransvar eller personalansvar for ei gruppe av andre lønstakarar. Typiske stillingsnemningar for slike personar kan vere «arbeidsformann» eller «oppsynsmann» saman med yrkesnemninga.

2.5. Høgste fullførte utdanning og opplæring⁽¹⁾ i samsvar med ISCED 97.

Det skal samlast inn opplysningar om kva allmennutdanning, yrkesretta opplæring eller høgare utdanning lønstakaren har i samsvar med følgjande kategoriar i ISCED 97:

ISCED 0 og 1 (kode 01)

0 — FØRSKULEUTDANNING og 1 — GRUNNSKULEUTDANNING ELLER GRUNNUTDANNING STEG 1

Undervisningsprogramma på nivå 1 er vanlegvis utarbeidde med sikte på å gje barna ei solid grunnutdanning i lesing, skriving og matematikk, saman med grunnleggjande kjennskap til andre fag, t.d. historie, geografi, naturfag, samfunnsfag, forming og musikk. Dette nivået omfattar vanlegvis seks års skulegang på heiltid.

ISCED 2 (kode 02)

2 — UNGDOMSSKULEUTDANNING ELLER GRUNNUTDANNING STEG 2

Undervisningsprogramma på dette nivået er vanlegvis meir emneretta. Det finst fleire faglærarar, og det er vanlegare at fleire lærarar underviser klassane i dei faga som dei har særskild utdanning i. På dette nivået vert den grunnleggjande dugleiken teken i bruk fullt ut.

ISCED 3

3 — VIDAREGÅANDE UTDANNING (**kode 03, ikkje mogleg å skilje mellom a, b eller c**)

Undervisningsprogramma på nivå 3 krev vanlegvis at om lag ni års skulegang på heiltid er fullført (rekna frå byrjinga av nivå 1), eller ein kombinasjon av utdanning og yrkesrøynsle eller teknisk røynsle.

3A — Vidaregåande utdanning — allment (*valfritt*) (**kode 04**)

3B — Vidaregåande utdanning — teknisk (*valfritt*) (**kode 05**)

3C — Vidaregåande utdanning (under tre år) — yrkesretta eller teknisk (*valfritt*) (**kode 06**)

3C — Vidaregåande utdanning (tre år eller meir) — yrkesretta eller teknisk (*valfritt*) (**kode 07**)

ISCED 4 (kode 08)

4 — VIDAREGÅANDE UTDANNING SOM IKKJE ER HØGARE UTDANNING

I ein internasjonal samanheng omfattar programma på dette nivået undervisning som ligg mellom vidaregåande utdanning og utdanning etter avslutta vidaregåande utdanning, sjølv om dei på nasjonalt plan klart kan reknast for å høyre inn under anten vidaregåande utdanning eller utdanning etter avslutta vidaregåande utdanning. Ut frå innhaldet i desse programma kan dei ikkje reknast som høgare utdanning. Ofte ligg dei ikkje særleg mykje over programma på ISCED-nivå 3, men dei medverkar til å utvide kunnskapane hos personar som alt har avslutta eit program på nivå 3.

⁽¹⁾ Uttrykket «fullført utdanning og opplæring» tyder at det er utferda eit eksamensprov eller diplom. Dersom eksamensprov eller diplom ikkje vert utferda, inneber dette uttrykket full deltaking i all undervisning.

Typiske døme er program som er utforma for å førebu studentar som har fullført ISCED-nivå 3, på å studere på ISCED-nivå 5, sjølv om pensumet deira vanlegvis ikkje gjev tilgang til nivå 5. Det kan dreie seg om førebuande grunnkurs eller kortvarige yrkesretta kurs. Vidaregåande utdanning kan òg reknast med.

ISCED 5B (kode 09)

5B — HØGARE UTDANNING STEG 1 (SOM IKKJE FØRER DIREKTE TIL FORSKARKOMPETANSE PÅ HØGT NIVÅ) — yrkesretta

Jamført med 5A er desse programma praktisk retta og yrkesretta, og er først og fremst utforma for at deltakarane skal tileigne seg den praktiske dugleiken og kunnskapen som krevst i eit visst yrke eller handverk eller innanfor ei yrkesgruppe eller eit fagområde. Ei fullført utdanning på dette nivået gjev vanlegvis deltakarane kvalifikasjonar som er relevante på arbeidsmarknaden.

ISCED 5A (kode 10)

5A — HØGARE UTDANNING STEG 1 (SOM IKKJE FØRER DIREKTE TIL FORSKARKOMPETANSE PÅ HØGT NIVÅ) — allment

Høgare utdanning på dette nivået er meir omfattande enn programma på nivå 3 og 4. For å få tilgang til desse programma krevst det vanlegvis at studenten har fullført ISCED-nivå 3A eller 3B, eller har ein tilsvarande kvalifikasjon på ISCED-nivå 4A. Dei fører ikkje til forskarkompetanse på høgt nivå. Programma skal til saman vare i minst to år. 5A-programma er svært teoretisk retta, og tek sikte på å gje studenten tilstrekkelege kvalifikasjonar for å få tilgang til forskingsprogram på høgt nivå og til yrke med høge krav til kompetanse.

ISCED 6 (kode 11)

6 — HØGARE UTDANNING STEG 2 (SOM FØRER TIL FORSKARKOMPETANSE PÅ HØGT NIVÅ)

Dette nivået er sett av til program for høgare utdanning som fører til forskarkompetanse på høgt nivå. Programma omfattar såleis vidaregåande studiar og sjølvstendig forskingsarbeid, og byggjer ikkje berre på kursdeltaking. Vanlegvis krevst det innlevering av ei avhandling eller eit anna vitenskapleg arbeid som er av ein slik kvalitet at det kan offentleggjerast, som er resultat av sjølvstendig forskning og som gjev ny og viktig kunnskap.

2.6. Tenestetid i føretaket:

Tenestetid er definert som talet på heile år som lønstakaren har arbeidd for den noverande arbeidsgjevaren sin. Dersom lønstakaren før har arbeidd for ei anna lokal eining i føretaket, skal tenestetida reknast frå den datoen då han/ho vart tilsett i føretaket. Kortvarige fråvær (under eitt år, t.d. fødselspermisjon eller sjukefråvær) skal reknast med. Fråvær som er lengre enn eitt år, skal ikkje reknast med.

2.7. Arbeidstidsordning (heiltids- eller deltidarbeid):

Som *heiltidstilsette lønstakarar* vert rekna lønstakarar med ei normalarbeidstid som svarar til den arbeidstida som er fastsett i tariffavtaler, eller til det timetalet som vanlegvis vert arbeidd i den aktuelle lokale eininga, sjølv om arbeidsavtala deira gjeld for mindre enn eitt år. Eit avvik på 10 % kan tillatast.

Andre lønstakarar vert rekna som deltidstilsette. Talet på timeverk som vert utførde av deltidstilsette, skal først opp som ein prosentdel av det timetalet som vanlegvis vert arbeidd (av heiltidstilsette) i den lokale eininga.

2.8. Type arbeidsavtale:

Følgjande opplysningar skal gjevast om typen arbeidsavtale:

- arbeidsavtale som ikkje er tidsavgrensa,
- tidsavgrensa arbeidsavtale (bortsett frå lærling-/praktikantavtaler),
- lærling-/praktikantavtale,
- andre avtaler.

Ei arbeidsavtale som ikkje er tidsavgrensa, er ei avtale mellom lønstakaren og arbeidsgjevaren der det ikkje er avtalt på førehand kor lenge avtala skal gjelde.

Ei arbeidsavtale vert rekna som mellombels eller tidsavgrensa dersom arbeidsgjevaren og lønstakaren ønskjer at visse vilkår skal gjelde for avtala, t.d. at det skal fastsetjast ein tidsplan for fullføring av arbeidet eller av ei viss oppgåve, eller at lønstakaren er vikar for ein annan lønstakar.

Lærling- eller praktikantavtaler er særlege tidsavgrensa avtaler som er gjorde mellom arbeidsgjevaren og lærlingen/praktikanten. Føremålet med avtala er å gjere det mogleg for lærlingen/praktikanten å få praktisk røynsle innanfor eit visst område.

2.9. Statsborgarskap (*valfritt*):

Statsborgarskap er definert som den borgarretten ein person har, og ein statsborgar er ein person som har borgarrett i den aktuelle staten ved fødsel eller naturalisering, anten ved å gje fråsegn, etter søknad, gjennom ekteskap eller på annan måte.

2.10. Omfatta av eit offentleg sysselsetjingsfremjande tiltak (*valfritt*):

Dette punktet syner om lønstakaren er omfatta av ein av dei følgjande kategoriane offentlege sysselsetjingsfremjande tiltak:

- arbeidsgjevaren har fullt eller delvis fritak for skattar og for trygde- og pensjonspremiar,
- tilskot,
- tilskot til opplæring eller lærlingar.

Desse tiltaka gjeld for einskildpersonar og ikkje for føretaket. Tilskot som vert betalte til føretaket, og som ikkje kan rettast til ein einskildperson (etttersom dei vert rekna ut på grunnlag av talet på tilsette), er ikkje omfatta.

Støtteordningar kan òg omfatte reduksjonar i trygde- og pensjonspremiar og direkte skattar som arbeidsgjevaren eller lønstakarane skal betale, dersom ordninga medverkar til at det er mogleg å skape denne arbeidsplassen eller til å tilsetje lønstakaren.

2.11. Kor mange års avbrot i karrieren i det noverande føretaket (*valfritt*):

Langvarige avbrot i karrieren til lønstakaren, i heile år (og månader). Avbrot som er lengre enn eitt år, vert rekna som langvarige. Dersom det har vore fleire avbrot gjennom fleire års arbeid, skal avbrota leggjast saman. Kortvarige avbrot (mindre enn eitt år) vert ikkje rekna med, sjølv om dei utgjer meir enn eitt år samanlagt.

3. **Opplysningar om løner, betalte timeverk og fråværsdagar**

3.1. Samla bruttoløn for ein representativ månad:

Bruttoløn omfattar kontantløn som arbeidsgjevaren betalar ut direkte og regelfast i kvar lønsperiode, før frådrag av skattar og trygde- og pensjonspremiar som skal betalast av lønstakarane og haldast tilbake av arbeidsgjevaren.

Bruttoløna omfattar følgjande:

- all løn som gjeld for den aktuelle perioden (sjølv om ho faktisk er utbetalt utanfor den representative månaden), medrekna overtidsbetaling, tillegg for skiftarbeid, gratiale, provisjonar osv.,
- overtidsbetaling, godtgjersle for gruppearbeid, nattarbeid, helgearbeid, provisjonar osv.,
- tillegg og gratiale som vert utbetalte regelfast i kvar lønsperiode, sjølv om summen varierer frå månad til månad,
- løn som i periodar med fråvær og arbeidsstans vert betalt fullt ut av arbeidsgjevaren,
- familietillegg og andre ytingar som er fastsette i tariffavtaler eller frivillige avtaler,
- innbetaling til spareordningar for lønstakarane.

Bruttoløna omfattar ikkje følgjande:

- løn som er utbetalt i referanseperioden, men som gjeld for andre periodar, t.d. etterbetaling av løn, forskot på løn eller løn for ferie- eller sjukefråvær utanfor denne perioden,
- tillegg og gratiale som ikkje vert utbetalte regelfast i kvar lønsperiode,
- løn for fråværsperiodar som vert betalt av arbeidsgjevaren til reduserte satsar,
- lovfesta familietillegg,

- verdien av naturalytingar (på grunn av vanskar i samband med innsamlinga av opplysningar),
- godtgjersle for arbeidsklede eller verktøy,
- tilbakebetaling eller betaling av utgifter til reise, opphald osv. i samband med arbeidet.

3.1.1. Løn for overtidarbeid:

Løn som vert betalt for overtidarbeid. Det skal opplysast om heile timeløna, ikkje berre om tillegget til den vanlege timeløna. Løna som det vert opplyst om, skal omfatte det faktiske talet på overtidstimar som er arbeid i den representative månaden, sjølv om ho vert utbetalt seinare (løn for overtidstimar som er utførde tidlegare, og som er utbetalt i den representative månaden, skal ikkje reknast med).

3.1.2. Særlege utbetalingar for skiftarbeid:

Dette omfattar særlege tillegg som vert utbetalte for skiftarbeid, nattarbeid eller helgearbeid som ikkje vert rekna som overtidarbeid. Det er berre sjølve tillegget som skal reknast med.

3.2. Samla brutto årsløn i referanseåret:

Dette omfattar samla bruttoløn som er utbetalt i referanseåret. Alle tillegg som ikkje vert utbetalte regelfast, skal reknast med (13. eller 14. månadsløn, feriepengar, fordeling av overskot, godtgjersle for ferie som ikkje er teken, tidvise provisjonar osv.). Sluttvederlag skal ikkje reknast med. Naturalytingar skal heller ikkje reknast med.

3.2.1. Talet på veker/månader som årsløna gjeld for:

Det er føremålstenleg å be om opplysningar om årsløna for alle tilsette i utvalet, sjølv om dei ikkje har vore til stades heile året. For å unngå moglege feil er det difor naudsynt å spørje om kor mange veker eller månader årsløna svarar til.

3.2.2. Samla årlege tillegg:

Dette omfattar alle uregelfaste tillegg som ikkje vert utbetalte i kvar lønsperiode, som t.d. feriepengar, 13. månadsløn, godtgjersle for ferie som ikkje er teken, tidvise provisjonar, fordeling av overskot osv.

3.2.2.1. Regelfaste tillegg som ikkje vert utbetalte i kvar lønsperiode (*valfritt*):

Dette omfattar alle regelfaste tillegg som ikkje vert utbetalte i kvar lønsperiode, som t.d. feriepengar, 13. eller 14. månadsløn osv.

3.2.2.2. Årlege tillegg som byggjer på produktivitet (*valfritt*):

Dette omfattar uregelfaste tillegg som vert utbetalte til lønstakaren i samband med individuell innsats eller akkordarbeid.

3.2.2.3. Årlege tillegg i samband med deling av overskot (*valfritt*):

Dette omfattar ekstraordinære tillegg eller andre unntaksvise utbetalingar som er knytte til det samla resultatet til føretaket i samband med premieringsordningar.

3.3. Lovfesta trygde- og pensjonspremiar og skattar som arbeidsgjevaren betalar inn på vegner av lønstakaren (*valfritt*):

Den samla summen av lovfesta trygde- og pensjonspremiar og skattar som arbeidsgjevaren betalar inn til dei offentlege styresmaktene på vegner av lønstakaren i den representative månaden.

NB: Desse opplysningane kan vere uaktuelle i visse statar.

3.3.1. Lovfesta trygde- og pensjonspremiar (*valfritt*):

Dette omfattar dei trygde- og pensjonspremiene som er fastsette ved lov eller ved tariffavtaler, og som vert haldne tilbake av arbeidsgjevaren.

3.3.2. Skattar (*valfritt*):

Dette omfattar all skatt på inntekter som vert halden tilbake av arbeidsgjevaren og betalt inn til skatte- og avgiftsstyresmaktene på vegner av lønstakaren.

3.4. Talet på betalte timeverk i den representative månaden (eller i ein normalarbeidsmånad):

Betalte timeverk omfattar normalarbeidstida og overtid som det vert betalt for i den representative månaden. Timeverk som ikkje er utførde i referanseperioden, men som det likevel er betalt for, vert rekna som «betalte timeverk» (ferie, sjukefråvær, offentlege helgedagar og andre betalte timeverk, t.d. i samband med lækjargranskingar). Når denne framgangsmåten vert nytta, må det sikrast at det er samsvar mellom dei «betalte timeverka» og dei timane som løna svarar til.

Talet på betalte timeverk vert rekna ut ved å trekkje tapte, ubetalte timeverk (som skuldast sjukdom, fødselspermisjon osv.) eller timeverk som er betalte til ein redusert sats, frå talet på normalarbeidstimar pluss overtidstimar.

NB: Talet på normalarbeidstimar er dei timeverka som det er venta at lønstakaren utfører i den representative månaden, utan at matpausar og overtidstimar er rekna med, sjølv om ein del av overtida vert arbeidd jamleg eller etter avtale. Det dreier seg her om det timetalet (per veke eller per månad) som lønstakaren har plikta seg til å arbeide i medhald av arbeidsavtala si eller dei føresegnene eller reglane som gjeld i den lokale eininga.

3.4.1. Talet på betalte overtidstimar i den representative månaden:

Overtidstimar omfattar dei timeverka som vert utførde i tillegg til normalarbeidstida eller den avtalefesta arbeidstida per veke (eller per månad). Dersom t.d. fire timeverk vert betalte etter ein sats som er 1,5 gongar høgare enn den vanlege satsen, skal talet «4», ikkje «6», først opp. Det er berre dei overtidstimane som svarar til den overtidsbetalinga som er registrert i nr. 3.1.1, som skal reknast med. Fråvær som er kompensasjon for ubetalte arbeidsperiodar og reisetid, skal ikkje reknast som overtid.

3.5. Talet på fråværsdagar per år:

3.5.1. Talet på fridagar per år (bortsett frå sjukefråvær):

Dette omfattar talet på betalte fridagar som lønstakaren har per år, bortsett frå offentlege helgedagar. Det dreier seg om det samla talet på vanlege fridagar per år, medrekna fridagar som lønstakaren får på grunn av alder, særlege arbeidsoppgåver, tenestetid og andre liknande grunnar.

Når arbeidsgjevarane betalar tillegg for arbeid som lønstakarane utfører i periodar med betalte fridagar, vert desse summene vanlegvis rekna med i årsinntekta, og talet på fridagar vert redusert tilsvarende. Ettersom det alt er betalt godtgjersle for dei fridagane som det er utført arbeid på, vil det føre til dobbelteljing dersom det samla talet på fridagar ikkje vert tilpassa. Difor skal det opplysast om talet på dei fridagane som faktisk er tekne.

Dersom lønstakarar får tilbod om (betalt) tilleggspolis i medhald av avtaler om arbeidstidsnedsetjing, skal slik permisjon leggjast til talet på fridagar per år. Desse opplysningane skal gjevast berre dersom arbeidstidsnedsetjinga svarar til fem arbeidsdagar eller meir per år.

Fridagar per år omfattar ikkje følgjande:

- kviledagar i samband med gruppearbeid (fordi dette alt er teke med i utrekninga av arbeidstida per veke),
- offentlege helgedagar,
- utdanningspermisjon,
- betalt tilleggspolis av personlege grunnar.

Det er berre arbeidsdagar som skal reknast med. Dersom det ikkje vert arbeidd på laurdagar, sundagar og offentlege helgedagar, skal desse dagane ikkje reknast med.

3.5.2. Talet på dagar med sjukefråvær per år (*valfritt*):

Talet på heile dagar med sjukefråvær som lønstakaren faktisk har hatt.

3.5.2.1. Talet på dagar med sjukefråvær per år som er betalte av arbeidsgjevaren (*valfritt*):

Talet på heile dagar med sjukefråvær som lønstakaren faktisk har hatt, og som fullt ut eller delvis er betalte av arbeidsgjevaren.

- 3.5.2.2. Talet på dagar med sjukefråvær per år som ikkje er betalte av arbeidsgjevaren (*valfritt*):
Talet på heile dagar med sjukefråvær som lønstakaren faktisk har hatt, og som ikkje er betalte av arbeidsgjevaren.
- 3.5.3. Talet på dagar med opplæring per år (*valfritt*):
Talet på dagar med opplæring er dei dagane (i «dagekvivalentar») som lønstakaren har nytta til opplæringsverksemd, bortsett frå opplæring av lærlingar og praktikantar som har ei særskild opplæringsavtale.
- 3.6. Årleg overslag over betalningar i naturalytingar (*valfritt*):
Overslag over verdien av alle betalningar i naturalytingar som lønstakaren har fått i referanseåret.
4. **Vekter**
- 4.1. Vekt for den lokale eininga:
Innanfor kvart nivå i utvalet skal det reknast ut vektorer for kvar lokal eining på grunnlag av talet på lokale einingar i utvalet og talet på lokale einingar i populasjonen. Denne koeffisienten opplyser om kor mange lokale einingar i populasjonen som kvar einskild lokal eining i utvalet representerer.
- 4.2. Vekt for lønstakarane:
Vekta for lønstakarane er den koeffisienten som talet på tilsette skal multipliserast med, for at det skal vere mogleg å kome fram til estimat for populasjonen. Koeffisienten skal for kvar lokal eining byggje på det talet på lønstakarar i eininga som er omfatta av utvalet, og på det samla talet på lønstakarar i den lokale eininga, samanstillt med vekta for den lokale eininga.

VEDLEGG III

FORMAT FOR OVERSENDING AV RESULTATA

Det skal leggjast fram opplysningar om kvar einskild lokal eining og om kvar einskild lønstakar. Opplysningane skal leggjast fram i form av to typar postar:

A: Postar for lokale einingar.

B: Postar for lønstakarar.

Det må nyttast ein nøkkel for å knyte postane for lønstakarar til postane for den lokale eininga.

Postane skal innehalde eitt felt per variabel. Kvar post skal anten ha ei fast lengd eller vere skild med komma. Rekkjefølgja til felte skal svare til rekkjefølgja til variablane. Dersom det manglar ein variabel, skal det setjast inn eit tomt felt. Faktiske nullverdiar skal førast som numeriske nullteikn.
